

Matrikkelen - det offisielle egedomsregisteret

Matrikkelen er Noreg sitt offisielle register over fast egedom, egedomsgrenser, adresser og bygningar. Matrikkelen er regulert av matrikkellova. Registreringar i matrikkelen skjer etter føringsinstruksen laga av Statens kartverk.

Meir informasjon om matrikkelen finn de her:

<https://www.kartverket.no/eiendom/eiendomsinformasjon/matrikkelen/>

Det er kommunane som har ansvar for drift og vedlikehald av matrikkelen. Opplysningar om bygning vert ført i matrikkel i samband med byggjesaker eller retting. Dersom eigar til dømes meiner at bygningen er registrert med feil bruksareal, kan han senda krav om retting i matrikkelen til kommunen.

For innsyn i kva som er registrert om din egedom kan du kontakta kommunen og/eller gå inn på:

- seeiendom.kartverket.no
- kommunekart.com

I høve takseringsarbeidet er det fyrst og fremst desse opplysningane me nyttar frå matrikkelen:

- egedomsidentifikasjon (gardsnummer, bruksnummer, festenummer, seksjonsnummer)
- type egedom
- bygningar som er oppført på egedom
- areal på egedom
- areal per etasje på bygg

